



Kvartetten klar til aksjon i Skottland, golfens heimland

Birdie, par og bogsy. Det er ikkje sikkert at du veit kva dei 3 orda betyr, men du veit i alle fall at dei høyrer heime i golfen, det verdsomspennande spelet som har sine røter heilt attende til middelalderen og stadig spreier seg som ein farsott. Forlengst har det også teke grepet rundt folk på våre kantar og det så kraftig at nokon av dei grepne har hatt påskeferie i golfens heimland Skottland.

Kvartetten Finn Guddal, Ivar Arnesen, Ove Tungesvik og Roy Ermland har hatt store og minnerike dagar i St. Andrews.

- Vi var korkje med på kurs eller deltok i konkurranse, men ein kan jo alltid plukka opp nokre triks, seier

**Finn, metta av inntrykk frå området som har 7 golfbanar og ligg nær Aberdeen.
Dei har spela rundt Sørøal i større eller mindre grad dei siste åra, men berre for moro..**

- Det var framom alt atmosfæren i Skottland som gjorde inntrykk, held Finn fram. Aller helst skulle nok han og dei andre vore på plass i St. Andrews i juli for då vert verdens største og mest prestisjefylte turnering avvikla akkurat der. I 2000 og 2005 sigr sjølvaste Tiger Woods i denne turneringen.

Men også i påsken 2015 var det folksomt i området og entusiastane kom frå heile verda, men ikkje så mange frå Noreg.

Golfens historie er fascinerande og inneheld mykje krig og blod sjølv om han i dag er ein fredeleg aktivitet. Til dømes vart den skotske kongen James 2 i 1457 så irritert på sine soldatar at han innførte dødsstraff for å spela golf. Men tildels med frykt for livet spela dei golf ned gjennom århundra overalt i Skottland og særleg i beltet mellom havet og det fruktbare landet.

Og allereie i 1682 møttes England og Skottland.

Det var ikkje så mange skriftlege reglar på denne tinda, men det var i alle fall forbodde å spela golf på ein sundag og slett ikkje i kyrkjetida. Så ligg da også banen på St. Andrews aude på sundagane. Då går folk tur der.

Det gjorde ikkje Finn & Co etter at dei kom heim. Paret Guddal/Arnesen sigr i Kvinnherad Golfklubbs opningsturnering sjølv om det regna, hagla og lynte. Så dei fekk nok med seg atskillige triks frå golfens heimland.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Privat